

## Kompetanse for mangfold tysdag 13.07.14

### **Vårt utgangspunkt da vi vart med i prosjektet**

- Asylmotak
- To avdelingar – mest fokus på den største avdelinga
- 9 av 10 barn med arabisk som morsmål
- I oktober fekk vi beskjed om at mottaket blir lagt ned
- Midten av november alle frå motaket har flytta
- 3 (4) arabisk talande barn igjen

Vi hadde mange idear då vi starta, men planane «falt litt i vasken» då vi fekk beskjed om nedlegging.

### **Hva har dere arbeidet med og hatt fokus på i prosjektet?**

**Problemstilling:** «*Korleis kan vi legge til rette for god språkstimulering gjennom leik?*»

**Bravo – leiken:** Tanken var at dette skulle gjennomsyre prosjektet /hovudfokus

- Tenkt på dei minste (0-3 år)
- Bruka det på stor avdeling – positivt for både norskspråklige og minoritetsspråklige
- Tenker heilheita: Bevegning, mat, sanser og læring
- Effektivt og skal vere gøy

### **Grip omgrep**

- Omgrep (begrep) og så preke så mykje som mulig rundt dete begrepet.
- Eple (farge, storleik, korles ser det ut, kor finn vi eple, kor kan vi kjøpe eple)
- Lage tankekart
- Ikke fått brukha som planlagt

Leik og viktigheten av leik – heile personalet har vore på kurs ila. året

Felles personalmøter og kurs saman med Byglandsfjord bhg.

- Viktig at vi alle hører det same, sjølv om vi gjerne veit mykje av det frå før
- Har forskjellig erfaringar og kunnskap
- Dei to kursa vi har hatt har vore gode og friska opp «gammal» kunnskap.

**Fellesskap** framfor språkgrupper – spesielt pga. sosiale utfordringar hos barna

- Vanskeleg å lære språk før ein trivast

Dokumentert med biletar på veggen – nesten kvar dag slik at vi kan vise foreldre kva vi har gjort

- Veldig fint med når ein skal preke med foreldra til minoritetsspråklige

Benevning og ikkje forenkla språket meir enn nødvendig

Hovudfokuset kort oppsummert: Leik og språk hand i hand – fellesskap

## **Hvordan har dere gått fram? Hvilke erfaringer har dere gjort?**

- Kom ikkje heilt i gang med prosjektet – visste ikkje heilt kva vi skulle gjere
  - o Har ikkje arbeid med prosjekt tidlegare
- Mange av dei same erfaringane som B.fjord
- Vanskeleg å få personalgruppa engasjert -følte ikkje dei lærte noko nytt
- Ressurspersonen har vore ein del sm. – kunne vore tydlegare
- Vi som har vært mest involvert i prosjektet har nok fått mest ut av det.
- Gjere ting annleis om vi skulle vore med på prosjektet ei gong til
  - o Meir systematisk jobbing – starte forsiktig
  - o Spurt personalet enda meir direkte: «Kva ynskjer de ut av prosjektet og kva vil de synes er interessant å få vite meir om?»
  - o Dra dei enda meir inn i prosessen – men så er det den tida...
- Mykje av det vi gjer er bra, men viktig med bevisstgjering
- Blitt enda meir bevisste på at ferdige opplegg er bra, men at det er vel så viktig at vi vaksne er interesserete i det barna held på med og det vi interesserer oss for smitter over på barna.
- Vi treng ikkje alltid finne på noko nytt, men vi ser at det er viktig å bli bevisste på det vi held på med og at vi som arbeider saman talar saman og får ei felles forståing av temaet. Vi sit med mykje forskjellig kunnskap og den er viktig at alle får nytte av.
- Bevisstgjering av vår rolle som språklige modellar
  - o Lettare å preke med barna enn dei foreldra
  - o Innlæring av omgrep
  - o Ikkje forenkle språket
  - o Benevne alt (ting vi gjorde, men som vi fekk friska opp)/konkretisere
  - o Trur dei forstår og så forstår dei ikkje likevel
- Vise filmsnuttar/avsnitt frå tekst som vi i fellesskap kan diskutere slik at vi held temaet ved like.
- Gi personalet eksakte oppgåver dei skal jobbe med. For eksempel lage eit individuelt opplæringsmål: Dette vil eg jobbe med. Gjerne noko praktisk.

## **Har noe vært utfordrende eller krevende i prosjektet?**

- Driv i prosjektet – få kollegaer engasjerte
- Kva skal vi fokusere på
- Tidsbruk
- Få dei tilsette til å vere med på tanken at vi ikkje alltid treng lære noko nytt, det er vel så viktig å preke saman og diskutere det vi alt kan.
- Ikkje gripe over for mykje – for då er det vanskeleg å få gjennomført
- Når vi er oppvekstsenter – skule har tatt mykje tid i forhold til bhg. når vi har hatt felles møte

## **Hva synes dere selv har vært det mest vellykkede, positive, nyttige...**

- Bevisstgjering – språk, begrep
  - o Systematisering av det vi gjer
- Repetering – oppfrisking
- Felles kurs/møte med B. fjord oppvekstsenter
- Samarbeid og utveksling av erfaringar er viktig og lærerikt.
- Det er viktig at vi voksne har nokre felles arenaer der vi får hørt det same og får utveksla erfaringar.
- Vi gjer faktisk mykje bra, må bare vere flinke til å sjå det😊

## **Jobbe vidare med:**

- Bli meir leikne og prøve å sleppe oss laus. Tåle litt meir «kaos»- gi meir rom til å utfalde seg.
- Få til betre samarbeid mellom dei to ulike barnehagane.
- Litt meir samarbeid med skule og voksenopplæringa? Kanskje nokre elevar kunne kome å lest for oss?
- Språkgrupper, men vi vil han mest fokus på fellesskapet og kvardagsspråket . Det er viktig å benevne og gi barna tid og rom til å svare.
- Eit godt og rikt språkmiljø der leiken er i hovudfokus.
- Fortsette med BRAVO
- Få inn meir av dei forskjellige språka vi har i barnegruppa. Gjerne henge opp ordbilete på veggen (arabisk og norsk).
- Mindre leike grupper - slik at det ikkje blir så mykje lyd rundt